

## Referat

Til stades: Per Øyvind Tveiten - leiar, Mari skeie Ljones - nestleiar  
Helene M. Bolstad - nestleiar, Aslak O. Brimi, Tor Stallvik, Ellen  
Persvold, Erlend Viken,  
Åshild Vetrhus, - 1.vara,

Frå administrasjonen: Linda Dyrnes, dagleg leiar, under sak 2012/44 c, 2012/46 og  
2012/47 - Rannveig Djønn

Tid: 31.mai kl.10-15.

## Sakliste

**Styresak 2012/42 Innkalling og sakliste**

**Styresak 2012/43 Presentasjon av det nye styret, tankar om arbeidet framover.**

**Styresak 2012/44 Orienterings- og referatsaker**

- a) Økonomi- og driftsrapport
- b) Diverse informasjon
- c) Drøfting kring tilskott til Landskappleik og Landsfestival
  - a. Fordelinga slik den er i dag i høve leigesum til FolkOrg
  - b. Jobbing opp mot arrangørstønad og festivalstønad frå Kulturrådet
- d) Andre ting

**Styresak 2012/45 Møteplan for styret hausten 2012**

**Styresak 2012/46 Landskappleik og Landsfestival 2012 – deltaking frå styret**

**Styresak 2012/47 Premiebudsjettt Landskappleik og Landsfestival 2012**

**Styresak 2012/48 Kulturpolitiske prioriteringar – drøftingssak**

- a) Generelt
- b) Innspel til programkomiteen i Høgre sitt arbeid om det frivillige
- c) Innspel til ny plan om kultur og næring

**Styresak 2012/49 Høyring: Frifond organisasjon**

**Styresak 2012/50 Rådsmøte Haukeliseterfestivalen – utsending frå FolkOrg**

**Styresak 2012/51 Brukargruppe for Styreweb – representasjon frå styret?**

**Styresak 2012/52 Årsmøte 2013**

**Styresak 2012/53 Eventuelt**

### **Styresak 2012/42 Innkalling og sakliste**

*Vedtak:* Innkalling og sakliste vert godkjend.

### **Styresak 2012/43 Presentasjon av det nye styret, tankar om arbeidet framover. Drøftingssak**

Styret presenterte seg og fortalte litt om sin bakgrunn.

### **Styresak 2012/44 Orienterings- og referatsaker**

Vedlegg: Rekneskap per 30.04.12, kommentarar til rekneskapet, driftsrapport, orienteringar til styremøte 2012-04

- a) Økonomi- og driftsrapport
- b) Diverse informasjon
- c) Drøfting kring tilskott til Landskappleik og Landsfestival
  - a. Fordelinga slik den er i dag i høve leigesum til FolkOrg
  - b. Jobbing opp mot arrangørstønad og festivalstønad frå Kulturrådet
- d) Andre ting

*Vedtak:* Orienterings- og drøftingssakene vert teke til orientering med desse merknadane:

- a) Økonomi- og driftsrapport – ingen særskilte merknadar.
- b) Diverse informasjon; nytt fordelingsutval i Musikkutstysordninga. Kjersti Stenseng ny statssekretær i kulturdepartementet . Styreleiar og dagleg leiar deltek i regjeringas og Oslo domkirke si feiring av kongeparets 75-årsdagar. Ny lov om Norsk kulturråd er på høyring med frist 1.september.
- c) Drøfting kring tilskott til Landskappleik og Landsfestival
  - a. Fordelinga slik den er i dag i høve leigesum til FolkOrg – eigen styresak til hausten.
  - b. Jobbing opp mot arrangørstønad og festivalstønad frå Kulturrådet. Det vert no testa ut med arrangørstønad. FolkOrg bør prøve å søke fleirårig festivalstønad til Landskappleik og Landsfestival med talentutvikling som fokus.
- d) Andre ting: Grafisk profil: Aslak Brimi er styrets representant i arbeidet med grafisk profil. Dagleg leiar drøftar med Provinsen om på kva måte vi kan involvere styret, slik at vi sikrar prosessen.

### **Styresak 2012/45 Møteplan for styret hausten 2012**

*Vedtak:*

Styremøte for hausten 2012 vert sett til:

30.august

8.-9.november

### **Styresak 2012/46 Landskappleik og Landsfestival 2012 – deltaking frå styret**

*Vedtak:*

- a) Styret vedtek å sende 5 representantar til Landskappleiken 2012.

Namn:

Per Øyvind,

Helene,

Aslak,

Tor,

Mari (onsdag-fredag),

Ellen (fre-søn)

Oppgåvene vert fordelte etter kvart.

- b) Styret vedtek å sende 4 representantar til Landsfestivalen 2012

Namn:

Per Øyvind

Helene

Mari

Erlend

Tor

Oppgåvene vert fordelte etter kvart.

Vi utarbeider ein plan for på kva måte vi skal vere synlege på arrangementa.

**Styresak 2012/47 Premiebudsjettt Landskappleik og Landsfestival 2012**

*Vedtak:*

- a) Budsjetttet for premieutgifter for Landskappleiken 2012 vert godkjend.  
b) Budsjetttet for premieutgifter for Landsfestivalen 2012 vert godkjend.

**Styresak 2012/48 Kulturpolitiske prioriteringar – drøftings sak**

- a) Generelt – skisse til kulturpolitisk strategi frå styremøte 2012/02 vart lagt fram til orientering. Den skal drøftas på eit seinare tidspunkt.
- b) Innspel til programkomiteen i Høgre sitt arbeid om det frivillige.
- c) Innspel til ny plan om kultur og næring

*Vedtak: b) Dagleg leiar sender over nytt utkast til innspel til programkomiteen i Høgre, med dei innspela som kom fram i møtet. Vi bør ha meir fokus på traderingsprosessen, immateriell kulturarv, kunstnarstipend for instrumentmakarar, meir generelt fokus på instrumentmakarar – ikkje berre felemakarar, og auka stønad til RFF.*

*c) Usikkert om vi kan kome fram til eit godt innspel saman med heile Samstemt i denne saken. Dagleg leiar drøftar saken i Samstemt og tek signala opp med styret på e-post etter det. MFO kan vere ein vel så god samarbeidspart for denne saken.*

### **Styresak 2012/49 Høyring: Frifond organisasjon**

Vedtak:

*FolkOrg sender eit høyringssvar som går i mot endringa av Frifond organisasjon foreslått av LNU. Dagleg leiar sender ut NMR sin uttale på e-post til styret når vi får den, for å avgjere om vi skal stø den .*

### **Styresak 2012/50 Rådsmøte Haukeliseterfestivalen – utsending frå FolkOrg**

Vedtak:

1. Erlend Viken deltek på rådsmøtet i Haukeliseter.
2. Kim André Rysstad med Sigurd Brokke som personlig vara er FolkOrg sitt framlegg til styrerepresentant i Haukeliseterfestivalen. (alternativ Kari Margrete Okstad)

### **Styresak 2012/51 Brukargruppe for Styreweb – representasjon frå styret?**

*Vedtak: FolkOrg etablerer ei brukargruppe for Styreweb, bestående av ein representant frå Bærum spellmannslag, to frå administrasjonen og ein frå styret i FolkOrg. Styret sin representant i brukargruppa er: Mari Skeie Ljones*

### **Styresak 2012/52 Årsmøte 2013**

Vedtak:

1. Årsmøtet 2013 vert halden helga 26.-28.april. FolkOrg skal prøve å ha sitt årsmøte fast siste helga i april .

- 2. Administrasjonen får fullmakt til å avgjere om årsmøtet skal vere på Lillehammer eller Hamar på bakgrunn av tilbud frå hotell på dei to stadene og dialog med lokallaga i dei to byane.*

**Styresak 2012/53 Eventuelt**